

Tur- og sykkelsti på tidlegare jernbaneline mellom Åmli og Treungen.
Du kan starte ved Åmli bibliotek, tidlegare Åmli stasjon.
Kart og miniguide kan du laste ned frå www.amli.kommune.no

Åmli bibliotek og Utstyrsbank
Sommarope: tysdag til fredag 10.00-15.00.
Meråpent: Alle dagar 07.00-22.00.
Hugs at du kan låne bøker i Åmli og levere på andre bibliotek, der det passar best for deg.

Sentrumsløypa
Startar ved Åmli bibliotek. Kart kan du laste ned frå www.amli.kommune.no. Løypa går bl.a til Åmli bygdetun – Grånheia, Åmli kyrkje og den gamle kyrkjegarden. Informasjonsskilt undervegs.

Trogfjellstigen med Dagsturhytta
Startar ved Elvarheim museum. Dette er ein av dei 20 toppturane. På Timmeråsen er det gapahuk og bålpanne. Informasjonsskilt langs løypa. Vidare kjem du til dagsturhytta med ein fantastisk utsikt.

Via Ferrata
To Via Ferrataer i Trogfjell. Krev sikkerhetsutstyr og opplæring. Sjå meir informasjon på www.amli.kommune.no Guida turar kan bestillast på www.visit-wilderness.com/no
Informasjonsskilt ved startpunkt.

Elvarheim museum – turistinformasjon
Jakt- og fangstmuseum, beverutstillinga «Det vesle folket», draktutstillinga «Mangfald og mote» Sommarutstilling «Beverens reise» Opningstider: tysdag til søndag kl 11.00 -16.00 frå 20. juni til 16. august + søndagar ut september. Bestilling av omvising for grupper utanom opningstid.

Badeparken Åmli sentrum
Ligg på vestida av Nidelva. Frå Åmli sentrum kjører du over den flotte steinbrua. Her er badeplass med sandvolleyballbane, tennisbanar, vannleiker. Sommaropen kiosk 1. juli til 1. august kl 11.30-18.30.

Topp 20 turar
Eiga brosjyre ved startpunkta. Kart kan lastas ned frå www.amli.kommune.no og www.ut.no

Kulturturar
Kulturminneløyper: Rostveitplassen, Koppsåna, Kløvfjell, Folldalsfjell, Bispevegen, Aslefoss, Tyskerhytta, Sandnes og Skipsåsen. Merka løyper med informasjonsskilt og kulturminna. Sjå også www.amli.kommune.no

Turguide og turkart – Sykkel- og padleguide
Til sals på Turistinformasjonen på Elvarheim i annonserte opningstider.

Telemarksvegen – eit norsk eventyr
Medlemsbedrifter langs vegen tilbyr aktiviteter, lokal mat, kunst, overnatting. www.telemarksvegen.no

Stolpejakt i Åmli
Last ned appen "Stolpejakten" og registrer deg. Stolpane følger Sentrumsløypa med avstikkarar.